

Beskyttar infeksjonar mot utvikling av allergi?

ARTIKKEL

LØVIK M

Sammendrag

Etter immunologisk teori ville ein vente at infeksjonar reduserer risikoen for at eit individ skal verte allergisk, ved at dei styrer immunreaksjonen mot eit antigen vekk frå ein Th2-typerepons som er assosiert med allergi. Betre hygiene enn før gir færre infeksjonar hos små barn, noko som i teorien kan vere årsak til den auken i allergi vi meiner å sjå i vår tid. Til no har ein hatt berre indirekte epidemiologiske haldepunkt for dette synet. I ein ny studie frå Guinea-Bissau i Vest-Afrika vart det funne at barn som var vaksinerte mot meslingar og derfor ikkje hadde hatt denne sjukdommen, hadde betydeleg større risiko for å ha positiv hudtest mot husstøvmidd enn uvaksinerte barn som hadde gjennomgått meslingar. Dersom dette funnet er reproduserbart og gjeld også i ei europeisk befolkning, vil det reise interessante medisinske og etiske spørsmål: Må vi velje mellom meslingar eller auka risiko for allergisk sjukdom? Kven har eventuelt rett til å ta eit slikt val - den enkelte eller samfunnet?

Publisert: 17. oktober 2018. Tidsskr Nor Legeforen. DOI:

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2020. Lastet ned fra tidsskriftet.no